

Widerøe AS

Dykkar referanse:

Vår referanse:  
2024/221- 1

Sakshandsamar:  
Karina Nerland

Dato:  
12.01.2024

## Innspel til flyruter på Vestlandet frå 1. april 2024

Vi viser til høyringa av flyruter på Vestlandet. Sognarådet interkommunalt politisk råd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Flyrutetilbodet er viktig for næringsliv og innbyggjarar i heile regionen. Indre Sogn er vertskap for ei rekkje offentlege og private verksemder som har behov for eit godt flytilbod, til dømes Statens vegvesen hovudkontor Region Vest, Digitaliseringsdirektoratet (Digdir), NAV Økonomiteneste, Statsforvaltaren, Statkraft, Vestlandsforskning, Hydro, Lerum og Veidekke. Offentlege verksemder, næringslivet med nasjonale og internasjonale marknader, turisme som vekstnæring og innbyggjarar stiller krav til regularitet og kapasitet.

Sognarådet har følgjande innspel til flyrutene:

1. Sogndal – Oslo
  - Morgonavgang Sogndal-Oslo ønskjer vi flytta frå kl 0645 til tidlegast kl 0700. Det beste er avgang kl 0730, slik at reisande frå Vik kommune når dette flyet med å nytta første ferjeavgang frå Vangsnes kl 0530. Svært tidleg avgang vil vera ei utfordring for mange grunna lange reiseavstandar i Sogn.
2. Oslo - Sogndal
  - Direkteflyet frå Oslo til Sogndal kl 1730 er ikkje med i forslaget til ny tidtabell, også direkteruta kl 1230 er teke ut. Det er sett opp to direkteruter kl 1405 og kl 1515, i tillegg to avgangar kl 1650 som går via Sandane eller Hovden. Desse fire flyavgangane ligg innanfor eit kort tidsintervall kl 14-17. Samla sett vil endringane gje eit dårlegare tilbod for Sogn enn dagens tilbod. Ettermiddagsflyet (kl 1730) er eit tilbod vi er veldig godt nøgde med, har gode passasjertal og som vi ønskjer held fram som direkterute i neste periode.
3. Bergen - Sogndal
  - Kveldsruta er flytta ein time seinare kl 2120. Regionen ønskjer ein tidlegare avgang på kveld slik at det er mogleg å gjennomføre dagsmøte utan å kome veldig seint heim.
4. Sogndal - Bergen
  - Morgonavgang måndag-fredag Sogndal-Bergen bør flyttast frå kl 0650 til tidlegast kl 0705.
  - På laurdagane ønskjer vi seinare avgang på morgonen enn kl 0650 om det er mogleg å få til t.d. kl 9-10 som er tilbodet i dag.

Med helsing

Roy Egil Stadheim  
rådsleiar og ordførar Vik kommune

Stig Ove Ølmheim  
ordførar Sogndal kommune

Kjell Bøe Bjørgum  
ordførar Aurland kommune

Audun Mo  
ordførar Lærdal kommune

Christian Sønstlien  
ordførar Årdal kommune

Andreas Wollnick Wiese  
ordførar Luster kommune

*Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift.*

Kopi til: Samferdselsdepartementet